



# Innst. 118 S

(2016–2017)

## Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Prop. 19 S (2016–2017), kap. 1137

### **Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet m.m.**

Til Stortinget

#### **Samandrag**

Regjeringa v/Landbruks- og matdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar i løyvingar under einskilde kapittel og postar i statsbudsjettet for 2016. I denne innstillinga vert berre framlegget under kap. 1137 handsama. Dei andre framlegga i proposisjonen vert handsama av næringskomiteen.

#### **Kap. 1137 Forsking og utvikling**

For å dekkje inn forskingsbehov i samband med Chronic Wasting Disease (CWD), som rammar hjortedyr, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga under kap. 1137 post 50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd med 2 mill. kroner, mot tilsvarende auke under kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet, post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet.

### **Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Christian Tynning Bjørnø, Martin Henriksen, Audun Otterstad, Tone Merete Sønsterud og Marianne Aasen, frå Høgre, Henrik Asheim, Norunn Tveiten Benestad, Kent Gudmundsen og Kristin Vinje, frå Framstegspartiet, Lill Harriet Sandaune og Bente Thorsen, frå Kristeleg Folkeparti, Anders Tyvand, frå Senterpartiet, Anne Tingelstad Wøien, frå Venstre, fung. leiar Iselin Nybø, og frå Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, har ikkje merknader til framlegget.

## Tilråding frå komiteen

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endring:

Kap.	Post	Formål	Kroner
		Utgifter	
1137	50	Forsking og innovasjon Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd, blir redusert med ... frå kr 256 065 000 til kr 254 065 000	2 000 000

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 6. desember 2016

**Iselin Nybø**

fung. leiar

**Anne Tingelstad Wøien**

ordførar